



HALV MASKIN: Fôrfabrikken på Kambo er råka av streik. Fagforbundet Negotia (YS) fryktar tap av opparbeidde rettar når Felleskjøpet Agri går til NHO.

FOTO: ANDREA GJESTVANG

Sp-topp Per Olaf Lundteigen ber Felleskjøpet Agri innfri krav:

Haustar støtte

STREIK: Generalsekretær i Småbrukarlaget Olaf Godli og Sp-topp Per Olaf Lundteigen stiller seg bak dei streikande i Felleskjøpet Agri.

LANDBRUK

Av Anne Kari Hinna, Bergen

Dei 352 som er i streik hos Felleskjøpet Agri, får støtte både i det politiske landskapet og landbruket.

Stortingsrepresentant for Senterpartiet Per Olaf Lundteigen, som sjølv er bonde og medeigar i samvirket Felleskjøpet Agri, forstår dei streikande Negotia-organiserte sitt krav om å sikra opparbeidde rettar, når Felleskjøpet skifter arbeidsgivarorganisasjon frå Spekter til NHO Mat og Drikke.

FAKTA

Felleskjøpet Agri:

■ 352 tilsette i Felleskjøpet Agri er tatt ut i streik. Dei streikande er medlem i fagforbundet Negotia (YS).

■ Dei streikande fryktar opparbeidde rettar skal gå tapt når dei får nye tariffavtaler etter overgang frå arbeidsgivarorganisasjonen Spekter til NHO Mat og Drikke neste år.

■ Felleskjøpet Agri er eit samvirke eigd av 44.000 bønder.



Klassekampen i går.

Det er rettar som i dag er regulert i Spekter-avtalen knytt til full lønn under sjukdom, svangerskapspermisjon, gruppeleivsforsikring og tillegg for sein arbeidstid og heilagdag, som Negotia meiner blir sett på spel.

– Felleskjøpet bør møta på Riksmekklarens kontor og for-

malisera ein garanti, og Negotia bør trekka tilbake sitt krav om lønnsauke, seier Lundteigen.

Støtte i Småbrukarlaget

Også generalsekretær i Norsk Bonde og Småbrukarlag Olaf Godli seier det er uakseptabelt om rettar går tapt.

– I 2019 kan det ikkje vera eit tema for ein organisasjon som Felleskjøpet Agri at opparbeidde rettar går tapt, seier Godli.

– Eg tar det som ei sjølvstakt sak at skifte av organisasjon ikkje kan medføra dårlegare rettar. Det meiner eg er soleklart, seier Godli.

Han legg til at han ikkje har synspunkt på krav det elles er usemje om.

– Dei streikande ønsker ei forsikring på eit papir, ein avtale med Felleskjøpet Agri. Forstår du det?

– Det er eit rimeleg krav, seier Godli.

Går ut over krisa

Det er 44.000 bønder som saman står bak samvirket Felleskjøpet Agri. På Felleskjøpet får bonden kjøpt anleggsutstyr og fôr, og levert korn. Streiken fører til at fleire kornmottak har

avgrensa opningstider. To kornsiloar er stengde. Drifta er redusert ved kraftfôrfabrikken på Kambo, og ei rekke av butikkane har redusert opningstid, mens nokre er stengde.

Sjølv om streiken berre omfattar 352 av dei 3641 tilsette, får han store konsekvensar. Det er særleg tilgangen på kraftfôr som uroar bønder.

Både Godli og Lundteigen er uroa.

– Nokre kan gå tomme for fôr. Det var det aller fyrste folk begynte å tenka på, seier Godli.

– På kraftfôranlegget på Kambo er det ei evig rullering. Råvarer kjem inn og ferdig fôr går ut kvar dag. Hos nokre er fôrsiloen tom. Då er krisa er eit faktum på ein dag eller to, seier han.

Til Klassekampen i går sa Nina Harbo frå Negotia, forbundet som er i streik, at det er umogleg å spå kor lang streiken kan bli.

– Dette kan fort bli veldig kritisk for dyrevelferda, seier Godli.

Lundteigen ser ikkje vekk frå at streiken kan bli avslutta med tvungen lønnsnemnd.

– Det er heilt opplagt. Norsk

matforsyning er så sårbar no. Det er mykje verre enn folk er klar over, seier han, men understrekar at tvungen lønnsnemnd ikkje er ønskeleg.

– Det er inga glede på Stortinget dersom ein tvingar fram ei tvungen lønnsnemnd.

Opne for nye forhandlingar

Felleskjøpet Agri vil ikkje kommentera saka sjølv, men viser til Spekter.

«Vi registrerer at det som vanlig når en streik rammer, er flere som har forslag til hvordan streiken kan løses, men minner om at lønnsdannelse er partenes ansvar», skriv administrerende direktør Anne-Kari Bratten i ein e-post til Klassekampen.

Bratten skriv at dei er klare til å ta opp att forhandlingar, om Negotia ønsker det.

Ho viser til at dei har blitt einige med dei andre fagforeiningane i Felleskjøpet, men at Negotia hadde eit lønnskrav på nær 12 prosent.

Til Klassekampen i går forklarte hovudtillitsvald Gard Henriksen i Negotia at bakgrunnen for det høge lønnskravet, er at dei har prisa rettane som dei fryktar går tapt.

annekarih@klassekampen.no